

Rettleiing for gjesteundersøkinga

Sist oppdatert: 23.06.25

Oppdatert av: Rutt-Lovise Strand

Formål

Formålet med rettleiinga er å gi vertskapet informasjon og verktøy for å effektivt distribuere gjesteundersøkinga.

Målgruppe

Vestskapet i Fjordkysten og Sunnfjord.

Innhold

Formål.....	1
Målgruppe	1
Innleiing	1
Vertskap.....	2
Gjesteundersøkinga	2
Språk.....	2
Målgruppe	2
Verktøy	2
Tekst.....	3
Bilete.....	3
Kommunikasjonskonsept og profil	3
Distribusjon	4

Innleiing

For å innfri indikatorane i Standard for Berekraftig reisemål, blir det forventa at destinasjonsleiinga gjennomfører gjesteundersøkingar i viktige kundesegment minst kvart tredje år. Gjesteundersøkinga bidreg først og fremst med å gi reisemålet viktig informasjon om gjesten si oppleving av reisemålet. Informasjonen er viktig for vidare utvikling av gode gjesteopplevingar på reisemålet.

Kravet i indikator D8-1.1 «Gjennomførast gjesteundersøkingar bygde på nasjonal mal i viktige kundesegment minst kvart tredje år» blir imøtekommen ved at det blir nytta spørsmål og svaralternativ frå denne rettleiaren. Desse er samkøyrde med spørsmål og svaralternativ i den nasjonale turistundersøkinga som Innovasjon Norge gjennomfører. Den nasjonale undersøkinga har analysar på nasjonalt og regionalt nivå, men utvalga er ikkje store nok til at ein kan bruke same data til analysar på lokalt nivå.

For dei lokale reisemåla vil det å bruke nokre av dei same spørsmåla som blir nytta i den nasjonale malen, gjere at resultatane i nokon grad kan samanliknast og vurderast opp mot kvarandre.

Vertskap

Vertskapet spelar ei nøkkelrolle i å sikre at gjestane våre får ei uforgløyemeleg oppleving. Innsatsen din med å distribuere og motivere gjestane til å ta gjesteundersøkinga er avgjerande for vår suksess. Ved å oppfordre gjestane til å dele sine opplevingar, hjelper du oss med å samle verdifulle tilbakemeldingar som vi kan bruke til å forbetre og tilpasse våre tilbod.

Engasjer gjestane dine, forklar kor viktig deira tilbakemeldingar er, og vis dei kor enkelt det er å delta i undersøkinga.

Gjesteundersøkinga

Gjesteundersøkinga er eit viktig verktøy for å samle tilbakemeldingar frå våre gjestar.

Tilbakemeldingane hjelper oss med å forstå kva vi gjer bra og kva som kan forbetrast. Dette gjer at vi kan tilpasse og forbetre våre tenester for å sikre dei beste opplevingane i Fjordkysten og Sunnfjord.

Språk

Gjesteundersøkinga finnst på Norsk og Engelsk.

Språket kan endrast i nedtrekksmenyen i høgre hjørne på undersøkinga.

Målgruppe

Gjesteundersøkinga er retta mot besøkande i heile Fjordkysten og Sunnfjord – og omfattar vertskapet i kommunane:

- Askvoll kommune
- Fjaler kommune
- Hyllestad kommune
- Kinn kommune
- Solund kommune
- Sunnfjord kommune

Verktøy

Plakatar til å henge opp finn de på Bransjenettsida: [Gjesteundersøking – Visit Fjordkysten & Sunnfjord \(wordpress.com\)](https://www.visitfjordkysten.no/undersokning)

Link til undersøkinga: <https://no.surveymonkey.com/r/WKX5GNB>

Link til landingsside på Fjord Norway: [Hjelp oss å gjere di reise endå betre - Fjord Norway](https://www.fjordnorway.no/hjelp-oss-a-gjere-di-reise-end-a-betre)

QR-kode:



Tekst

"Hjelp oss å gjere di neste reise endå betre!" er ein appell til å bidra til utviklinga av reisemålet gjennom å gi verdifull tilbakemelding.

Hjelp oss å gjere di reise endå betre!

Kjære gjest, vi inviterer deg til å vere med på ei viktig reise - ei reise som ikkje berre handlar om å oppleve, men også om å skape. Vi ønskjer å gjere di neste reise endå betre, men vi treng di hjelp.

Dine opplevingar og inntrykk er verdifulle for oss. Ved å dele di tilbakemelding kan du hjelpe oss med å forstå kva som betyr mest for deg, og korleis vi kan utvikle og forbedre reisemålet vårt.

Med beste helsing,

xxx

Bilete



Kjeldehenvisning: Visit Fjordkysten og Sunnfjord / @fjordkysten

Kommunikasjonskonsept og profil

Her finn de informasjon om korleis de kan nytte kommunikasjonskonseptet og profilen for Fjordkysten og Sunnfjord:

- [Kommunikasjonskonseptet – Visit Fjordkysten & Sunnfjord](#)
- [Profilmanual – Visit Fjordkysten & Sunnfjord](#)

Distribusjon

Digital synlighet:

- Blogginnlegg / Landingsside / Pop-up vindu på nettside med link til undersøkinga
- Sosiale medier.
- E-postkampanjar til tidlegare gjester og potensielle besøkande.
- Annonser.

På staden:

- Plakatar med QR-kode
- Digitale flater (skjermar, nettbrett og liknande.)
- QR-kodar som leier til undersøkinga.

Etter opphaldet:

- E-post eller SMS med takk for besøket og ein invitasjon til å delta i undersøkinga.
- Oppfølgings-e-postar som minner om undersøkinga og verdien av deltakinga.